

Sak A) fra Administrasjon

Styrehonorar og kompensasjon til redaktør

Så lenge seksjon pétanque har vore ein del av Fleridrettsforbundet, har styret kun vore dugnadsjobbing. Men ein ser at ein må henge litt meir med i tida, og at det er naturleg at ein gir ein godtgjerelse for at ein skal sette av tida i kvardagen sin for dette, sidan det faktisk er ein jobb.

Difor foreslår eg på vegne av administrasjonen at me følger Boccia og Teppescurling si linje, og gir eit styrehonorar til dei som sitter i styret.

Med det håper me at det gjer det litt meir fristande å ta ein ny periode, og at ein ikkje risikerer at samtlege styremedlemmer må bytast ut frå gong til gong, slik som skjedde i 2021.

Ein annan rolle er redaktør/webmaster på petanque.no, som er vår viktigaste informasjonskanal. Det er ein jobb å halda den oppdatert og leggja ut stoff, og det må heile miljøet bidra til, men samtidig må ein ha ein person med overordna ansvar som tek på seg oppgåva med publisering i kvardagen. Me har hatt ein veldig god redaktør, og administrasjonen meiner det er ei arbeidsoppgåve som fortener ein årleg kompensasjon for jobben som blir gjort.

Administrasjonen foreslår følgande satsar:

5000 kroner i året til leiar av seksjonsstyret. **3000 kroner** til øvrige styremedlemmer, og **2000 kroner** til varamedlemmer.

Ein årleg sum på **5000 kroner** til webmaster og redaktør.

Sidan Norges Idrettsforbund og Fleridrettsforbundet er ein frivillig organisasjon, vil det vera skattefritt inntil 10 000 kroner i året. Forslaget er lagt inn i tala for langtidsbudsjettet for 2024-2025, og let seg gjera økonomisk.

Sak B) fra Administrasjon

Lisenspris I framtida

Lisensprisen I Norge har I lang tid vore 300 kroner årleg for vaksne spelarar, 50 kroner for barn og ungdom, og i nyare tid har det blitt innført dagslisens til 100 kroner, som kan brukes ein gong.

I det nye forslaget til langtidsbudsjett blir det budsjettert med ein del meir pengebruk, mens inntektene ikkje vil stige noko meir. Når det og kjem forslag om ei NM-endring, så forsvinn også det som potensielt kan bli ei inntekt der – sjølv om NM alltid har vore ei utgift så langt med den tidlegare modellen.

På vegne av administrasjonen hadde det vore fint om ein kunne hatt ein liten diskusjon rundt lisensprisen og om den skal vere låst for alltid, eller om styret har mulighet til å justere ein gong i framtida dersom ein ser at det må til for å kunne satse andre stader.

Sak C) fra NM-gruppa

Forslag endringar NM

Bakgrunn:

NM er Petanque Norge sin viktigaste møtestad, både for breidde og topp. Det er høgdepunktet i sesongen for mange. God avvikling av NM vert såleis naturleg eit område seksjonsstyre arbeider mykje med.

På bakgrunn av innspel frå spelarar, og den opplevde arbeidsbelastninga på seksjon og dommarar vart det etter NM i Bergen i 2021 gjennomført ei innspelsrunde i høve avviklinga av NM. Innspela i denne runden peika særskilt på:

- Tidsbruk
- Tilstrekkeleg dommarressurs, som gjer at dommar har kapasitet til å følge med på tidsbruk
- Tilstrekkeleg sekreteriatskapasitet, som kan halde farten oppe i arrangementsavviklinga
- Oppmoding til klubbane om å arbeide med kultur ifht tidsbruk. Fokus på at alle stiller med målband, og ikkje nyttar unødig tid.

I etterkant av dette og inn mot NM Stokke 2022 vart dei økonomiske insentiva til dommar og sekreteriatsfunksjonar auka. Dette var eit rimeleg grep også i høve samanlinkbare idrettar, men evalueringa tyder på at det ikkje er dei økonomiske motiva som gjer at personar tek på seg oppgåver i Petanque Noreg.

Etter NM Stokke vart det nedsett ei arbeidsgruppe med representasjon frå klubbar. Denne gruppa har hatt som mandat om å kome med forslag til endringar som imøtegår utfordringane. Grunnlaget kan punktvis formulerast slik:

- Kapasitet under NM. Korleis ha tilstrekkeleg kapasitet til ei avvikling som er forsvarleg både for spelarar, dommarar og sekreteriat.
- Det er stor turnover i styret, dette veit me mellom anna har bakgrunn i stor belastning i samband med NM samt det at personar ynskjer å delta meisterskapen så mykje som råd.
- Det er stor belastning på nokre få dommarar.
- Korleis få til sterkare arrangement, utan å redusere/setje krav til antal deltakarar. Det er vurdert som viktig å halde på NM som vår storsamling.

I arbeidsgruppa har faste medlemmer vore:

- Gabriel Gjengstø Bel-Lafkih (Styret)
- Tore Roth Blokhus (Styret)
- Svein Erik Johansen (HPK)

- Sigurd Sævareid (SPK)
- Maija Juva (FPK)
- Peter Haring (Sandefjord)

I tillegg har Christopher Schwarz Kvarme (Styret) og Sissel Lekven (SPK) delteke som vara ved forfall.

Forslaga frå arbeidsgruppa vert her presentert punktvis:

1. Arrangøransvar

Slik det er no får arrangør 75% av inntektene frå NM, seksjonen er sekretariat. Innspel frå andre idrettar i fleiridrettsforbundet gjer at me ynskjer å gjera ei endring der arrangør får 100% av inntektene frå NM, og dekker alle naudsynte funksjonar.

Til avklaring vil framleis seksjonen stå for det overordna ansvaret for arrangementet når det gjeld oppsett og gjennomføring, samt ha det økonomiske knytt til dommarar.

Endringa vil innebere ei betydeleg inntektsauke for arrangør, som vil få auka rammer for arrangementet. Arrangør tek over ansvar for å halde sekretariat med sekretariatsleiar under meisterskapen.

Arbeidsgruppa ynskjer i denne saken å oppmode til samarrangement, dvs at klubbar kan gå saman om arrangementet. Dette kan vera positivt for å få involvert ulike miljø på arrangørsida, noko som var vellukka då me hadde NM i Fagernes til dømes. Klubbane som arrangerer bør avklare ansvar og økonomisk fordeling av inntekter i søknad om arrangement. Funksjonar bør fordelast i samsvar med klubbane sin storleik, evt kome fram i inntekstfordeling dersom ein mindre klubb tek mange funksjonar.

Gruppa har drøfta om ein burde hatt ein fast regional rotasjon i høve rolla som NM arrangør. Dette kan ha ei positiv side ved at det forpliktar og kan skape forutsigbarhet, medan det på andre sida kan ta vekk fleksibilitet og mulighet for nye spelestader. Gruppa oppmoder om at det vert holdt fleksibelt, men at regionane vekselsvis tek ansvar og melder seg som arrangør.

Seksjonen vil framleis ha det overordna ansvaret, og ha ein person som er tilgjengeleg dersom situasjonar som krev det oppstår.

Forslag til vedtak:

Arrangør av NM får 100% av inntektene frå arrangementet, og har ansvar for alle støttefunksjonar under meisterskapet.

2. Speleform/Speletid

Eit anna punkt som har vore drøfta, og som me får mange innspel på er speleform og lengden på speledagar. Dette er ei krevjande balanse då me har ei brei gruppe deltakarar med ulik motivasjon for deltaking. For mange er NM fyrst og fremst eit sosialt viktig arrangement, for andre er det kampen om medaljar som vert vekta høgast. Desse omsyna må vegast mot kvarandre.

Det har vore seksjonen si grunninnstilling å sikre at NM får verdige vinnarar, der graden av tilfeldighet er så låg som råd når ein skal avgjere ein vinnar. Ein konsekvens av dette vart t.d mange rundar Swiss under NM Stokke 22.

Dette vert drøfta i gruppa opp mot å kome seg raskare til sluttspel, og redusere speletida. For mange rundar fram til sluttspel kan verke demotiverande og utmattande. Gruppespel med for få lag kan vere for få kampar. Arrangør og seksjon må finne ei god løysing på dette.

Dersom ein nyttar Swiss eller andre modellar som har ei grad av kompleksitet, er det viktig med god informasjon til spelarar i høve systemet.

Det vert drøfta, og arbeidsgruppa er positiv, til å sjå på modellar der finalar vert spela andre dagar enn grunnspel. Noko som har effekt både på speletid, og kan gje ei betre ramme for finalespelet.

Ein drøftar og om ein bør utvida NM med ein dag. Dette kan ein ikkje gjere utan å styrke kapasiteten kring arrangementa.

Med auka ansvar til arrangør, er arbeidsgruppa positive til at arrangør kan få godkjent ulike måtar å løyse meisterskapen på. Dette i samarbeid med seksjonen, som har det overordna ansvaret.

3. Dommarkapasitet

Ei vedvarande utfordring er dommarkapasitet. Det vert lange dagar på få dommarkrefter. Før NM i Stokke 22 vart den økonomiske kompensasjonen dobla. Evaluering og tilbakemelding tyder på at dette har vore positivt, men at det ikkje er ein avgjerande faktor. Det er difor viktig at klubbane arbeider for å få medlemmer på dommarkurs, og at me klarer å skapa eit miljø og ein kultur for dømning. Det er avgjerande for gode meisterskap.

Her er det trong for at me som miljø er viljuge til å dele på jobben, og ta eit dugnadstak så ikkje me brenn ut dei dedikerte dommarane me har.

Arbeidsgruppa har diskutert ei mentorordning. Der nokre erfarne dommarar kan ha eit hovudansvar under NM dagar, med ein nyutdanna/mindre erfaren dommar ved sida. Dette kan trygge den som er ny, og bidra til at det vert ei god erfaring.

Vidare vert det sett på som naudsynt med god kommunikasjon både i forkant og under NM frå arrangør, seksjon og dommarar når det gjeld reglar, og kva ein vil fokusere på og konsekvensar for regelbrot.

Arbeidsgruppa ser positivt på eit dommarutval, som kan ha det overordna ansvaret for arbeid med å førebu dommargruppa til NM, skape eit miljø, trivsel og tryggleik blant dommarane.

Antal dommarar må vera ein sentral del av planlegginga. Ein avgjerande faktor er kor stort området ein skal spela på er, og kor mange speleområder det innheld.

For å kompensere for låg kapasitet på dommarsida har ein dei siste åra praktisert ei ordning med måledommarar for å avlasta hovuddommar. Dette har ikkje fungert etter intensjon.

Me har mulighet til å hente eksterne dommarar til NM, dette er gjort tidlegare og er noko arbeidsgruppa er positiv til.

4.Kontigent

Arbeidsgruppa ser at det er lenge sidan kontigenten er auka, og meiner at denne bør aukast. Vinsten vil vera styrka rammer til arrangementet, noko som gjer betre vilkår i høve kapasitet.

Ei auke i kontigent ser ein og som eit bidrag til å gjere det meir attraktivt å melde seg som arrangør.

Forslag til vedtak:

NM kontigent vert auka til 200,- per øvelse-

5.Veteran

Arbeidsgruppa har drøfta veteranklassane. Det har etter innspelsrunde tidlegare vore drøfta å arrangera eit eige veteran NM, dette for å auke kapasitet i støttefunksjonane. Dette har ein ikkje gått vidare med. Samstundes ser ein at det kan vera tenleg i høve arrangementet og kapasitet å redusera antal øvingar. Arbeidsgruppa har orientert seg i høve tendensar internasjonalt, og ser at ein i Frankrike no nyttar klassen V60.

Arbeidsgruppa ynskjer å slå saman veteranklassane, og føreslår dette.

Ein ser det som ynskjeleg at veteranklassen vert arrangert utan å kome i konflikt med Åpen dobbel/Trippel/Single.

Forslag til vedtak:

Veteran V65 og V55 vert slått saman til ein klasse, V60

Sak D) fra Heidi S. Nilsen og Gabriel G. Bel-Lafkih

Landslagsstøtte

I mange år nå, har landslaget måttet betale store deler av reise og opphold selv, når dem skal representere Norge i EM og VM.

Alle landslagsspillere får en liten sum av Forbundet. Pr. nå lyder denne på 2000 kr hver, uavhengig av hvor mesterskapet spilles.

Denne summen ble satt for veldig lenge siden, vi snakker nærmere 15 år. Vi mener at denne summen burde være justerbar avhengig av hvor i verden mesterskapet blir arrangert.

I utgangspunktet mener vi at summen er for lav. Som sikkert de fleste har lagt merke til har de fleste ting blitt dyrere, deriblant også flybilletter og hotell.

Men pengene ordnes ikke av seg selv, så vi ønsker å vedta at det sittende styret kan oppjustere støtten til landslagsspillere dersom det er penger til det. Vi vet at det kommer ikke til å være mye men alt hjelper.

Det er viktig å tenke over at landslaget faktisk gjør en jobb for resten av miljøet. Rundt et mesterskap er det alltid mye engasjement for de som reiser.

Vi ønsker derfor at det sittende styret til enhver tid har mulighet til å øke støtten dersom det finnes penger til det.

Forslag til vedtak:

Sittende styre har muligheten til å oppjustere støtten til landslagsspillere dersom det er penger til det.

Sak E) fra Storøya Petanqueklubb

INFO: Selve søknaden er behandlet av sittende styre før årsmøtet.

Petanquens dag – Tema »Alle skal med«

Vi søker om støtte til arrangementet Petanquens dag – «Alle skal med» med kr. 20.000,

Storøya Petanque er et nystartet idrettslag på Fornebulandet. Idegrunnlaget er i hovedsak sosialt – vi skal tilrettelegge for en hyggelig greie som vil skape «lim mellom husene» på Fornebulandet.

Dog – i det fall talent og iver åpenbarer seg, er vi ikke fremmed for å spise kirsebær nasjonalt og internasjonalt.

Idretten (Petanque idrettsforbundet) er organisert i Norges fleridrettslag og er en flott aktivitet som egner seg for alle – uavhengig av kjønn, alder, fysikk eller ulike fysiske eller psykiske handicap.

Samtidig er idretten fortsatt preget av beskjeden interesse og deltagelse!

Vi vil derfor arrangere Petanquens dag – for å promovere idretten og aktiviteten med spesiell vekt på å invitere handicappete – under tema ***Alle skal med.***

Selve arrangementet Petanquens dag – med nevnte tema Alle skal med er planlagt gjennomført søndag 21. mai 2023 og vil bli markedsført bredt i Bærum og gjennomført på tre til fire ulike lokasjoner på Fornebulandet.

Vi vil i tillegg til generell promovering spesielt invitere handicappede i samspill med ViVil og Bærums handicap lag bosatt i Bærum og omegn.

Selve arrangementet er planlagt som et gøy lavterskselstilbud paret med perspektiv om at alt som kan prøves er gøy og kan videreutvikles.

Stikkordsmessig vil vi;

1. ha tilgang på kuler og utstyr på alle lokasjonene
2. tilby enkel instruksjon i regler og prøvespill
3. lage brosjyrer om spillet og muligheter for å spill i Bærum
4. arrangere lokale miniturneringer hvor alle kan delta
5. invitere noen av Norges beste spillere i særskilt «klinketurnering»
6. skape en hyggelig ramme rundt dagen ved servering av pølser, vafler og kaffe

Rammebudsjettet for arrangementet inkl. forberedelser, trykking av materiell, bred markedsføring, mat og arrangementsteknisk er TNOK 50. Vi vil søke sponsorstøtte for resterende sum somn ikke støttes av vårt eget forbund.

Dokumentasjon og læringspoeng vil bli re distribuert til forbundet og interesserte klubber – med sikte på at Petanquens dag kan bli en landsomfattende aktivitet fremover.

Vennlig hilsen

For arrangementskomiteen

Anne-Ki Kristoffersen

Terje Sand

Sign.

Sign.

